

Tur til Geitadalstind med varierande vær.

05.08.2017



Turfølgjet på toppen.

Samarbeidet mellom Festidalen og Kvinnherad turlag er eit viktig element for å auke variasjonsbreidda i programmet, og denne gongen var det steinrøysa opp mot Geitadalstind som skulle forserast av deltakarane.



Utsikt!

11 spreke vandrarar, med blikk for toppen, starta ved kalkestasjonen fredag, under leiing av Steinar Kroka og Kjell Yri. Kroka og Yri fungerte som eit samkøyrd radarpær, dei veksla på førarrolla og bakvaka, og dei tok strategiske pausar når dei såg at folk, især uskedalen.no sin utskremde, trengte det. Venstre sin mangeårige leiar, Kjell, som no også kan fungere som miljøkrigar utan å ta alle omsyn som den regjeringsinnpakka leiinga treng å ta, var heller ikkje snauare enn at han, til stort bifall frå deltagarane, deklamerte eit Jacob Sande- dikt i ein pause.

Leiarane heldt forsamlinga samla til vi starta klatringa i steinrøysa opp mot toppen. Då slepte dei alle laus, og ungdommane klatra som ekorn oppover. Etter ei stund var alle oppe. Og for ei utsikt. Skodde, skodde, skodde, - alle vegar. Vi såg ingenting anna enn kvarandre sine nøgde andlet over å vere på toppen. På vegen oppover hadde vi også hatt eindel klårvèr og sol, men sånn kan også livet vere til fjells, -store variasjonar i veret og endringar på kort tid.

Det fekk vi merke til fulle på tilbakevegen. Vi kom raskt ut av skodda, men då vi var komne eit stykke ned, sette regnværet inn, - ei skikkeleg vassbløye som fekk bekkane til å strøyme mellom beina våre, der det var stiar når vi gjekk opp. Då vart det jo sjølvsgårt også sleipt og glatt, og det var stor konsestrasjonsøving som måtte til for å komme velberga ned. Regnet roa seg heldigvis litt etter kvart, og alle kom uskadde ned til kalkestasjonen, nokon meir ømme i låra enn dei andre, - men det høyrer med.

Som sagt, natur og turliv er ein viktig del av Festidalen, - så meir av det!!



Nedtur med fin utsikt.

Tekst og foto: Vidar Haugland
Nett: Thor Inge Døssland